

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 16.06.2009
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: Retningslinjer for å ta imot gåver i helseføretaka

Styresak 061/09 O Styremøte 24.06. 2009
Administrerande direktør si orientering pkt 8

NRK Rogaland og Stavanger Aftenblad har sett fokus på retningslinjer for mottak av gåver i helseføretaka med eit eksempel frå Helse Stavanger og innsamlingsaksjonen "Sykehuset i våre hender". Det er blitt gjort kjent at innsamlingsaksjonen vil innstille sitt arbeid fordi dei ikkje kan akseptere at Helse Vest skal godkjenne gåver som er øyremerka Stavanger Universitetssjukehus.

Styret i Helse Vest vedtok gjeldande retningslinjer for helseføretaka sitt forhold til gåver, stiftingar og legat i styremøtet 17. oktober 2008, sak 092/08 B. Retningslinjene er formelt forankra i kvart helseføretak gjennom styringsdokumenta for 2009.

Bakgrunnen for at retningslinjene blei utarbeidd var at føretaksmøtet i februar 2007 hadde stilt krav til Helse Vest om å etablere gjennomgåande rutinar på dette område. Etter at Helse Vest og dei andre regionale helseføretaka ein periode hadde arbeidd med saka kvar for seg, blei det hausten 2007 tatt eit felles initiativ ovanfor Helse- og omsorgsdepartementet med spørsmål om å etablere eit nasjonalt samarbeid for å utvikle felles retningslinjer slik at ein kunne oppnå ein einheitleg praksis på landsbasis. Føretaksmøta for dei regionale helseføretaka i januar/februar 2008 følgde dette opp og bad om at det blei utarbeidd slike retningslinjer i fellesskap under leiing av Helse Sør-Aust.

Føremålet med retningslinjene er å sikre at helseføretaka har eit profesjonelt og ryddig forhold til stiftingar og legat og at gåver blir brukt til sitt føremål. I tillegg har retningslinjene til hensikt å sikre at mottak av gåver blir gjenstand for ei forsvarleg vurdering i forhold til habilitetsspørsmål, lover og reglar, etiske og omdømmemessige problemstillingar, om givar har kommersielle motiv, føretaket sine strategiar og prioriteringar og andre konsekvensar for verksemda, eksempelvis omprioriteringar, endra driftsutgifter og langsiktige kostnader. Retningslinjene skal medverke til å sikre føretaket sin autonomi.

Helseføretaka er i prinsippet fullfinansiert av staten. Gåver, donasjonar m.v. som tilgodeser spesialisthelsetenesta er ressurstilførsel eller finansiering som kjem i tillegg til den ordinære, statlege finansieringa. Slik sett representerer gåver ei form for irregulær finansiering, og det er blitt vurdert som viktig at måten desse midlane blir handtert på av helseføretaka er undergitt ei viss regulering.

Det var ei sentral utfordring ved utforminga av retningslinjene å finne balansen mellom omsynet til å sikre at leiinga i verksemda blir utøvd på sjølvstendig grunnlag og omsynet til at gåver, donasjonar m.v. blir forvalta i samsvar med givar sine uttrykte ønske. Ved utforminga var det også viktig å ikkje rokke ved sjølvle givarpraksisen. Tvert om var det eit mål for arbeidet å støtte opp om den praksis som over tid var etablert ved å leggje til rette for at den kan utøvast på ein ryddig og dokumenterbar måte.

I den omtalen som har vore i media, kan det sjå ut som om det har etablert seg ei oppfatning om at alle tilfelle av gåver til eit helseføretak skal til behandling i det regionale helseføretaket. Dette er ikkje korrekt. Retningslinjene har på dette punkt følgjande ordlyd:

"Det forutsettes at gaver av uvanlig art eller størrelse, eller gaver som kan ha innvirkning på foretakets vedtatte strategier eller prioriteringer, forelegges foretakets styre før gaven aksepteres. Likeså forutsettes at gaver som kan påvirke funksjonsfordelingen mellom helseforetak, eller som har konsekvens for investeringsplan skal behandles i styret for RHF før de aksepteres".

Dette gir følgjande regime for handtering av gåver til helseføretak:

- Ordinære gåver kan handterast administrativt i helseføretaket
- Gåver av uvanlig art eller storleik som kan ha innverknad på helseføretaket sine vedtekne strategiar eller prioriteringar må leggjast fram for styret før gåva kan aksepterast
- Gåver som kan påverka funksjonsfordelinga mellom helseføretak eller som har konsekvens for investeringsplan skal behandlast i styret i det regionale helseføretaket